

ÅRSMELDING 2023

SKNG

Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord- Gudbrandsdal – kommunalt oppgåvefelleskap

Innhald

Om SKNG

Omdanningsprosessen i 2023

Styrande organ og saker


Sekretariatet

Årsaktiviteten i sekretariatet

Regnskap

Årsmeldinga er vedteke av representantskapet 12. mars 2024

Edel Kveen



Kristian Frisvold




Svein Holen



Monica Håskjold Eide



Aud Gjørwad



Oddvar Romundset

Om SKNG

Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk. Det vart etablert 1.1.2005.

Formålet med samarbeidet er å utføre den lovpålagde sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i deltakarkommunane etter

Kommuneloven § 23-7 Sekretariatet

Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov.

Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.

Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til

- a. ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*
- b. den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*
- c. medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.

Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.

og forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Omdanningsprosessen i 2023

Omdanning av SKNG tok mykje tid og merksemd i 2023, og ein finn det rett at årsmeldinga har med eit eige punkt om dette.

SKNG vart danna som eit § 27-samarbeid etter kommunelova av 1992.

§ 27-samarbeid vart ikkje vidareført i ny kommunelov av 2018 og slike samarbeid måtte omdannast innan utgangen av 2023 for å unngå at samarbeidet vart oppløyst.

Overgangsreglar i kommunelova (§ 31-2) la opp til at interkommunalt samarbeid som var organisert som eit interkommunalt styre etter § 27 i tidlegare kommunelov, vart omdanna til eit kommunalt oppgåvefelleskap.

Prosessen var utelukkande ei omdanning av organisasjonsform. Kommunane har tidligare vurdert sekretariatsordning opp mot verksemda sitt formål og valgt interkommunalt samarbeid som modell.

Styret vurderte at gjeldande organisering var hensiktsmessig, funksjonell og effektiv. Den støtta opp om sekretariatets mandat og funksjon, samtidig som eigarstyring vart ivareteke. Det er ein kostnadseffektiv måte å utøve sekretariatsfunksjonen på.

Forslaget til samarbeidsavtale bygde på eksisterande ordning og vedtekter, og ivaretok krava i kommunelova § 19-4.

Styret vedtok 5. juni 2023:

1. Styret tilrår deltakarkommunane å omdanne Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova kapittel 19 og at SKNG ikkje skal være eige rettssubjekt.
2. Styret godkjenner det framlagte forslaget til samarbeidsavtale.
3. Styret sender saksutgreiing og forslag til samarbeidsavtale til kommunestyret i dei seks deltakarkommunane med fylgjande *innstilling*:
 - o Som fylgje av ny kommunelov blir Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) omdanna frå § 27-samarbeid etter tidligare kommunelov til kommunalt oppgåvefelleskap (KO) etter ny kommunelov § 19.
 - o Samarbeidsavtale for Sekretariatet for Kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal kommunalt oppgåvefelleskap (SKNG) er vedteke slik den føreligg og erstattar noværande vedtekter for SKNG.
 - o Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.

Kommunestyret i alle seks deltakarkommunane vedtok omdanninga i juni-23 og ordførarane signerte deretter samarbeidsavtala.

Det visste seg at § 3.3 i samarbeidsavtala om val av representantskapet måtte endrast slik at dette vart i samsvar med kommuneloven. Dette er gjort av kommunestyra i perioda november-23 til januar-24.

Ved utgangen av 2023 står det att å få registrert ferdig i Brønnøysundregisteret og inngå tenesteytingsavtale med Sel kommune.

Styrande organ og saker

Styret 2023

SKNG var leia av eit styre på 6 medlemmer med personlege varamedlemmer. Etter § 4 pkt. 2 i vedtektene blir desse valgt av kommunestyret. Som oftast har leiar og nestleiar av det einskilde kontrollutvalet vore valgt.

<u>Deltakarkommune</u>	<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
Dovre	Odd Leif Angård	Aud Gjørwad
Sel	Jørund Båtstad	Eli Marie Stormyrenge
Lom	Magny Ellen Hilde	Terje Odde
Vågå	Svein Holen	Kjersti Aasvang Dalen
Lesja	Anders Norderhus	Oddvar Romundset
Skjåk	Arnfrid Austin	Arild de Presno

Svein Holen (Vågå) var valgt som leiar og Magny Hilde (Lom) som nestleiar. Holen gjekk ut av kontrollutvalet i Vågå og styret for SKNG frå 1.1.2023. På styremøtet 19. januar 2023 vart Magny Ellen Hilde (Lom) valgt som leiar og Odd Leif Angård (Dovre) valgt som nestleiar.

Styret er fordelt med 2 kvinner og 4 menn.

Møter og saker i 2023

Styret har hatt 5 møter og handsama 19 saker.

19. januar	Forvaltningsrevisjon: Datasikkerheit i skulane Selskapsrevisjon Status forvaltningsrevisjon NGLMS Valg av nestleiar Mal og rutiner for møtebok og protokoll
23. februar	Revisjon av Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR) Status forvaltningsrevisjonsrapport Helsesamarbeid NGLMS Årsmelding 2022 for SKNG Organisering SKNG etter ny kommunelov Forvaltningsrevisjon: Datasikkerhet
5. juni	Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap Orienteringar
28. juni	Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefelleskap Budsjett-2024 Prosess ROV-analyse (Risiko- og vesentlegvurdering) Opplæring nye kontrollutval Protokoll og orienteringar
1. november	Omdanning SKNG – val av representantskapet Protokoll og orienteringar

Representantskapet

Desse vart valgte etter kommunevalet 2023 og trer i funksjon når alle kommunene har konstituert seg.

<u>Deltakarkommune</u>	<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
Skjåk	Edel Kveen	Kristen Haugen Dagsgard
Lom	Kristian Frisvold	Bjørn Ola Aukrust
Vågå	Svein Holen	Karola Wenzel
Sel	Monica Håskjold Eide	Kjetil Eide
Dovre	Aud Gjørwad	Frøde Stordal
Lesja	Oddvar Romundset	Anne Cathrine Enstad

Sekretariatet

Sekretariatet har ein 100 % stillingshjemmel. Hilde Holden er tilsett som sekretær i 100 % stilling. Elin Marit Andgard har vore tilsett som vikar i 80 % stilling frå 1.1.2023.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet har vore settesekretariat ved handsaming av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Nord-Gudbrandsdal Renovasjon IKS.

Sekretariatet har kontor på HUB Otta. Sel kommune er kontorkommune og arbeidsgjevar for dei tilsette.

Kompetanse er vesentleg og sekretariatet har delteke på:

- NKRFs kontrollutvalgskonferanse 1.-2. februar
- Sekretariatssamling i regi av FKT 21.-22. mars
- Statsforvalterens tilsynskonferanse 28. september
- Møte mellom Innlandet Revisjon 20. desember
- Kortare webinar

Årsaktiviteten i sekretariatet

Sekretariatet har førebudd 34 møter og sakshandsama til saman 147 saker for dei seks kontrollutvala.

	Antal møter			Antal saker		
	2023	2022	2021	2023	2022	2021
Skjåk	5	4	5	24	15	13
Lom	5	4	6	23	15	19
Vågå	5	5	5	22	14	17
Sel	6	5	7	24	14	19
Dovre	5	5	5	22	18	16
Lesja	8	4	5	32	13	15
Samla	34	27	33	147	89	98

Det var eit felles møte for alle kontrollutvala 16. juni med presentasjon av foranalyse av to forvaltningsrevisjonar og ein eigarskapskontroll, samt orientering om status etter forvaltningsrevisjonen Helsesamarbeid NGLMS og nokre andre tema.

Regnskap

Regnskapet blir ført som ein del av Sel kommune sin regnskap og revidert av Innlandet Revisjon IKS.

Sekretariatets driftsutgifter er fordelt på kommunane med 50 % fast del pr. kommune og 50 % i høve til folketalet.

Kontotekst	Regnskap 2023	Bud 23 (end)	Budsjett 2023	Regnskap 2022
Lønn i faste stillinger	342 982,29	527 000,00	520 000,00	510 229,67
Lønn sykevikar	536 153,78	13 000,00		
Andre trekkpliktige godtgjørelser	10 764,81	1 000,00	5 000,00	4 431,09
Godtgjørelse andre folkevalgte	0,00	13 000,00		
Møtegodtgjørelser	13 661,00	0,00	3 500,00	
Tapt arbeidsfortjeneste	0,00	6 000,00	2 000,00	1 245,00
Pensjon KLP	252 856,74	157 000,00	120 000,00	111 635,23
Gr.liv/ulykkesforsikr. ansatte	2 032,60	2 000,00	1 200,00	1 178,04
Arbeidsgiveravgift	52 984,65	45 000,00	42 000,00	30 136,25
Forbruksmateriell og kontorrekv.	1 892,00	2 000,00	500,00	164,80
Abonnenter og faglitteratur	8 725,00	10 000,00	4 000,00	7 280,00
Beverting/møteservering	10 860,50	12 000,00	1 300,00	9 795,00
Annet forbruksmatr.	1 441,02	1 000,00		91,60
Velferdstiltak	540,00	0,00		
Mobiltelefoni	-3 513,60	2 000,00		
Kursutgifter (inkl. opphold)	17 273,11	25 000,00	7 000,00	22 980,00
Kjøregodtgjørelse oppg.pliktig	15 570,10	10 000,00	10 000,00	6 509,35
Kost/diett	870,00	0,00		
Andre reiseutgifter	3 133,65	1 000,00		607,14
Husleie	45 600,00	65 000,00	45 000,00	50 064,29
Lys, varme og renhold			800,00	3 983,20
Lisenser, dataprogram	2 688,00	3 000,00	2 500,00	2 523,24
Kontigenter, div. avgifter/gebyrer	23 228,00	25 000,00	26 000,00	24 164,00
Leie kontormaskiner	3 911,20	0,00		9 605,40
Driftsavtaler, datasentraler	0,00	5 000,00		
IKT-utgifter, fordelt	17 394,00	0,00	13 000,00	16 913,00
Interne adm. kostnader			26 000,00	
Generell momskomp.ordning	13 502,03	0,00		14 916,07
Utgifter	1 374 550,88	925 000,00	829 800,00	828 452,37
Sykelønnsrefusjon	-277 795,00	-50 000,00		-228 031,00
Ref. momskompensasjon	-13 502,03			-14 916,07
Inntekter	-291 297,03	-50 000,00	0,00	-242 947,07
Grunnlag for fordeling	1 083 253,85	875 000,00	829 800,00	585 505,30
Lesja	-149 793,00	-116 000,00	-115 068,00	-81 150,01
Dovre	-164 930,00	-128 000,00	-126 610,00	-89 492,03
Skjåk	-155 273,00	-120 000,00	-118 977,00	-83 838,35
Lom	-157 241,00	-122 000,00	-120 319,00	-84 815,93
Vågå	-197 204,00	-155 000,00	-152 079,00	-107 300,28
Sel	-258 812,85	-234 000,00	-196 747,00	-138 908,70
Sum fordeling	-1 083 253,85	-875 000,00	-829 800,00	-585 505,30